

# KLASSEKAMPEN

Venstresidas  
dagsavis

Tirsdag 13. mars 2018. Nummer 61. Uke 11. Årgang 50. Løssalg: 35 kroner

A-avis

Raymond Johansen etablerer et politisk utenforskap for store deler av Norge. **HOMO POLITICUS, SIDE 3**

Bente Aasjord



Regjeringa kan gjera eit anna og viktig grep for å bidra til styrke beredskapen i Noreg. **KRONIKK, SIDE 20 OG 21**

Jenny Klinge



## Adværer mot Acer

Direktør Øyvind Stenstad i industrigiganten Glencore Nikkelverk går imot norsk tilknytning til EUs energibyrå. **SIDE 6 OG 7**

## Støre prioriterer samarbeid med Sp og SV:

# Ap velger rødggrønt



**NÆRT:** Jonas Gahr Støre «vil søke nært samarbeid» med SV og Sp.

**ALLIANSE:** Før valget i fjor fridde Jonas Gahr Støre til KrF. Nå vil Ap-lederen satse på den rødggrønne alliansen og

«samarbeide med SV og Sp», samt søke flertall med andre. Det viser uttalelsen Aps landsstyre vedtar i dag. **SIDE 4 OG 5**



## Sangens kraft

Ole Koppang hadde mye musikk med seg i bagasjen da han begynte som lærer på Møllergata skole i 1867. Han forsto hvilken kraft sangen kan ha i et menneskeliv, skriver Jon-Roar Bjørkvold.

**IDEER, SIDE 12 OG 13**



## Vil hive ut Resett

Elin Floberghagen i Norsk Presseforbund foreslår at kun redaktørstyrte medier kan klages inn til PFU for overtramp. Dermed kan nettsted som Resett utestenges.

**KULTUR, SIDE 26 OG 27**



## 1500 småskular er nedlagde dei siste 30 åra

**KVAR VEKE:** I gjennomsnitt vert ein norsk skule lagd ned kvar veke. Det skjer trass i at Stortinget gjentekne gongar har bede om tiltak for å stogge nedlegginga.

**SIDE 8 TIL 10**



7 059530 000014



# Småskular leggst ned over heile landet

# Den stille smås

**BORTE:** 1500 småskular er nedlagde dei siste 30 åra.

Det skjer trass i at Stortinget gjen- tekne gongar har bede om tiltak for å stogge nedlegginga.



Av Gunnar Wiederstrøm (tekst og foto), Bergen og Ole Magnus Rapp (foto), Alta

**DÅ SKULEN FORSVANN**

Ein iskald morgon i mars kastar sola lange skuggar over den vinterferiestille skuleplassen på Tellnes i Fjell kommune i Hordaland. Om eit knapt halvår kan stilla vere permanent. For tre veker sidan gjorde kommunestyret vedtak om å leggje ned skulen frå hausten 2018.

**Står vedtaket, er Tellnes den førebels siste i ei lang rekke av små og store skular som ikkje lenger skal gjere born til gagns menneskje.**

Kva nummer i nedleggingsrekka Tellnes skule får, veit ingen heilt sikkert. Tala frå Utdanningsdirektoratet syner at det frå 1986, det året kommunane fekk ansvaret for grunnskulen, og fram til skuleåret 2015-2016, vart lagd ned 1413 skular. Legg vi til grunn at nedlegginga har halde fram i same tempo dei to siste skuleåra, vert Tellnes skule minst nummer 1500 i nedleggingsrekka. I 2015 var det totalt 2886 grunnskular i drift i Noreg.

Leiar i Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) ved Tellnes skule, Tonje Hagenes, seier dei har kjempa hardt for å unngå nedlegginga.

– Vi har vore gjennom dette før. Vi har fått høyre at skulen vår er for dyr og at elevane

våre kostar for mykje, men nå trudde vi det heile vart sett på vent til kommunesamanslåinga med Sund og Øygarden om to år.

## Tissepause

Foreldra er nøgde med skulen. Han har 72 elevar, og nokre klassetrinn er slått saman. Ei skulenedlegging alt frå hausten av, er Hagenes redd berre vert ei mellombels løysing.

– Vi veit ikkje kva skule ungane våre skal gå på, og vi veit ikkje kor lenge dei skal gå der. Då vert ungane kasteballar.

Det dei veit, er at no vert det bussing for alle ungane.

**– Vi hadde ei testkøring med politikarane. Dei med lengst veg får 50 minutt køring. Då vi testa ruta, måtte vi ha tissepause og to av førsteklasingane sovna undervegs, seier Hagenes.**

Ho skjønner ikkje at det skal vere naudsynt å leggje ned ein skule både elevane og foreldra er godt nøgde med.

– Skulane elevane skal flyttast til, er store. På Tellnes har vi god oversikt og elevane kjenner seg trygge der.

## Ei slagmark

Torodd Fagerheim, forkjempar for småskulane dei siste 30 åra, nyttar sterke bilete når han skal omtale røyndomen for tallause små og store skular landet over.

– Etter at staten gjorde pengar til drift av grunnskulen til ein del av rammetilskotet, har skulane vorte gjort om frå ein dannelsesarena til ei økonomisk slagmark. Før var det stort sett dei aller minste udelte og fådelt skulane som vart lagde ned. No ser vi at stadig større skular forsvinn, seier han.

Tellnes skule er ein av dei. Målet med nedlegginga er å drive skulane meir effektivt og få ned utgiftene. Innspa-

**«Vi veit ikkje kva skule ungane våre skal gå på og kor lenge dei skal gå der»**

TONJE HAGENES, LEIAR I FAU VED TELLENES SKULE

ringane vert for Tellnes skule sin del mellom 5,8 og 7,7 millionar kroner i året. Fagerheim seier det alltid er grunn til å stille spørsmål ved slike innsparingar.

– Eg veit ikkje om ein einaste kommune som ikkje har hatt desse diskusjonane. Tala frå rådmenn eller konsulentfirma syner alltid det same: Det løner seg å leggje ned dei mindre skulane. Dei som reknar på alle kostnader ved skulenedlegging, veit betre, seier Fagerheim.

Meir om det litt seinare.

## Bondevik og synda

Skulelivet til Fagerheim har vore uløseleg knytt til kampen mot skulenedleggingar. Gjennom Landslaget for nærmiljøskulen har han vore ein sterk og engasjert forkjempar for dei små skulane. Slik han ser det, kom synda inn i skulesektoren i 1985 med dåverande kyrkje- og undervisningsminister Kjell Magne Bondevik (KrF).

– Etter ein lang periode på 1950- og 1960-talet med sentralisering og skulenedleggingar, stogga den negative utviklinga mest opp på 1970-talet. Då vart Bondevik talsperson for å leggje om inntektssystemet, slik at ansvaret for skulane vart overført til kommunane, seier Fagerheim.

Fram til 1986 hadde staten ansvaret for grunnskulen. Kommunane hadde då lita økonomisk interesse av å sanere skular. Dei fekk automatisk dekt storparten av kostnadane sine med dei skulane dei hadde, så lenge elevtalet heldt seg over seks elevar.

**– Regjeringa vart åtvare om at det nye inntektssystemet ville føre til nye skulenedleggingar, seier småskuleforkjemparen.**

Bondevik høyrdde ikkje på åtvaringane.

## Lagt ned i hopetal

– Det nye inntektssystemet reiv teppet vekk under eit desentralisert skuletilbod. Frå 1986 fekk rådmennene i alle landets kommunar den fullmakta dei trong for å fremje skulenedleggingar i hopetal. Distriktskommunane tok på seg ansvaret med å leggje ned småskulane, seier Fagerheim.



Redal skule, Naustdal kommune



Oppedal skule, Gulen



Kandal skule, Gloppen kommune



Bakken skule, Øygard



Lavikdal skule, Høyanger kommune



Øksfjordbotn internat



Dyrdal skule, Høyanger kommune



Tellnes skule, Fjell kommune

**SKULESLUTT:** Det finst nedlagde skuler i alle kommunane i landet. Skulane stengjast frå komande skuleår, med mindre kommunestyret snur i saka.

**20 år med lovnader om grendeskulane**

■ **1985:** Då Stortinget vedtok at kommunane skulle ha ansvar for skulane, lovde dåverande kyrkje- og undervisningsminister, **Kjell Magne Bondevik (KrF)** å sjå til at vi skulle ha eit likeverdig og desentralisert skuletilbod i alle landets kommunar.



■ **1988:** Ei samrøystes kyrkje-, utdannings- og forskingskomité (KUF) bad regjeringa om naudsynt å setje i verk spesielle tiltak for å styrke dei små skulane i gringredte strok.

■ **1991:** Ein samrøystes KUF-komité bad departementet om å komme

med naudsynte framlegg og tiltak for å hindre nedlegging av grendeskular.

■ **1995:** Stortingsrepresentant **Jon Lilletun (KrF)** fremja eit dokument 8-framlegg for å endre tilskotsordningane for igjen å unngå nedlegging av stadig fleire grendeskular.



# gjennomsnitt vert ein skule lagd ned kvar veke

# Skuleraseringa



kommune



Algrøy skule, Fjell kommune



Kåfjord skole, Alta kommune



Lundefossen skule, Os kommune



en kommune



Langfjordbotn skole, Alta kommune



Strandvik skule, Fusa kommune



Kvenvik skole, Alta kommune



skole, Loppa kommune



Alvheim skule, Øygarden kommune



Hellidal skule, Bergen kommune



Holdhus skule, Fusa kommune



mmune



Alteidet skole, Kvænanen kommune



Samdal skule, Bergen kommune



Bogøy skule, Fusa kommune

på bileta ligg i Hordaland, Sogn og Fjordane, Troms og Finnmark. Dei er med eitt unntak nedlagde dei siste 30 åra. Tellnes skule i Fjell kommune er vedteke nedlagd, men skal



■ **1998:** Stortinget vedtok ein eigen paragraf i opplæringslova som sikra rett til å gå på skule i nærmiljøet.

■ **2000:** Eit samrøystes storting bad regjeringa legge fram sak om tiltak for å støtte grendeskulen.

■ **2001:** Regjeringa lovde å leggje

fram sak om grendeskular, skolenedlegging, og satsing på småsamfunn.

■ **2005:** Ein samrøystes KUF-komité uttala uro knytt til reisetid for born til og frå skulen. Bad om sak om kva som vart oppfatta som forsvarleg reisetid.



■ **2008:** Ved handsaminga av stortingsmeldinga om «Kvalitet i skolen» kravde ei samla KUF-komité at kunnskapsminister **Bård Vegard Solhjell (SV)** i arbeidet med kvalitet i skulen også tok omsyn til kvalitane til dei små skulane.

Kjelde: Landslaget for nærmiljøskulen



Frå 1986 til 2000 vart det lagt ned 526 skular, 37 skular i gjennomsnitt kvart år. Fagerheim hamna sjølv midt oppi striden som lærar på Hestad skule i Fjaler kommune i Sogn og Fjordane.

– Då eg kom til skulen i 1980, hadde han eit tjuetals elevar. Eg etablerte musikk- og fjordakor, og skulen vart eit lite kultursentrum i den vesle grenda. Då kommunane overtok ansvaret, starta kampen mot nedlegging. Det tok berre fem år før skulen vart lagd ned, då var kommunegrensa justert. Hestad skule kom under nabokommunen Gaular, som eksekverte dødsdomen, seier Fagerheim.

### Skaut fart

Dei neste 15 åra kom det stadig oppmodingar og vedtak i Stortinget om å stogge dei mange skulenedleggingane. Vekslande regjeringar lovde å gjere sitt. Innspela og vedtaka hadde ikkje synberr verknad på tempoet i skulenedleggingane, snarare tvert imot. Etter tusenårsskiftet skaut nedleggingane fart til eit gjennomsnitt på 55 skular i året, meir enn ein kvar veke.

Torodd Fagerheim har lese tallause saksutgreiningar om nedlegging av grendeskular.

– I dei verste døma har sakshandsamar berre synt til at det strokne budsjettet for den nedlagde skulen er lik innsparinga, seier Fagerheim.

Reknestykka til kommunane tek uansett ikkje med alle meirkostnadane.

**Fagerheim seier dei gløymer eller gøymer vekk ekstrakostnader til auka elevtjimar, administrasjon, spesialpedagogiske tiltak, reinhald, skulemateriell og kommunal skuleskyss.**

Skuleskyssen fylkeskommunen må betale for er aldri med i reknestykket, heller ikkje meirutgifter foreldra får når skulevegen vert lengre.

– Våre reknestykke syner at det mest alltid vert samfunnsøkonomisk tap ved å leggje ned grendeskular, seier Fagerheim.

### Meir enn eit skulebygg

Professor emeritus og seniorforskar Reidar Almås ved Ruralis, Institutt for rural- og regionalforskning seier grendeskulane er så mykje meir enn eit bygg for undervisning.

– Grendeskulane er fleirbrukshus som er i bruk heile dagen. På dagtid som skule og barnehage, om ettermiddagen og kveldstid til trenings-



**DEN GONG DÅ:** Torodd Fagerheim er forkjempar for småskulane. Han vart lærar på Hestad skule i 1980, då framtida framleis var lys.

grupper, øvingslokale for musikkorps og musikklag, grendakafe og andre sosiale aktiviteter. Skulen vert eit nav i lokalsamfunnet som har stor driftsfordelar sidan bygget femnar om så mange aktiviteter.

Vert skulen lagd ned, forsvinn stor driftsfordelane. Dei aktivitetane som er att i skulebygget, står også i fare. Då er det vaktmeister, husleige og vedlikehald som skal fordele last på aktivitetar som ikkje har inntekter til å bere dei. Det neste som skjer, er at tilflyttinga stansar opp.

– **Ein ung familie som skal stifte bu, vil ha butikk og skule i nærleiken. Manglar lokalsamfunnet det, vel unge å etablere seg andre stader. Først fører sentraliseringa til skulenedlegging, og så fører nedlegging av skular til ytterlegare sentralisering, seier han.**

Almås etterlyser støtteordningar som kan hindre nedlegginga.

– For dei små lokalbutikkane finst Merkur-programmet, ei rimeleg støtteordning som har redda mange butikkar. Ei liknande ordning kunne vore etablert for grendeskulane, seier han.


gunnarw@klassekampen.no  
oler@klassekampen.no

## Nedlagde skular etter fylke

Grafikken viser nedlagde skular i kvart fylke i perioden 1994 til 2015.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet og VG


### Møre- og Romsdal



### Sogn og Fjordane



### Hordaland



### Rogaland




### Nord-Trøndelag




### Sør-Trøndelag




### Troms




### Finnmark




### Nordland



### Buskerud



### Oppland



### Hedmark



### Vestfold



### Oslo




### Akershus



### Østfold



### Vest-Agder



### Aust-Agder



### Telemark



## Nedlagde offentlege skular etter år

Tala viser grunnskular nedlagde dei siste 30 åra. For nokre av skulane er det tale om nedlegging av ungdomsskuletrinna på skulen.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

